

STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

KONTROLLUTVALET I STRYN KOMMUNE

Møtestad:	Møterom 3108	Møtedato:	03.10.2013	Frå kl. :	10:00
Kommunehuset				Til kl. :	13:00

Faste medlemmer i Kontrollutvalet :	Møtte:	Forfall:	Merknader :
Rune Myklebust	X		
Aud Jorunn Hool Egge	X		
Henny Karin B Staalnacke		X	
Rune Holen		X	
Oddvar Bergset	X		
Varamedlemmer :	Møtte:		
Knut Johan Tjugen			
Eli Folven			
Terje Solvang			
Jørn Ola Svingeset			
Otto Rune Vik			
Tor Bjerknes			
Rasmus Guddal	X		
Matias Magne Sølvberg			
Margun Skiftesvik			
Arild Kåre Åbrekk			

Ordføreren har møte og talerett i utvalet:

Ordfører Sven Flo og rådmann Per Kristian Storevik får tilsendt møteinnkalling til utvalet sine møte.

Andre som møtte :

SEKOM-sekretariat Vidar Øvrebø
 Økonomisjef Johnny Hove i sak 19/13
 KIN v/Gunnar Ryste i sak 18/13
 KIN v/Markvard Sunde 18/13 og 19/13
 Rådmann Per Kristian Storevik sak 018 - 019/13.

Saker som vart handsama / drøfta i møtet :**SAKLISTA I MØTET :**


- 016/13 Godkjenning innkalling og sakliste.
- 017/13: Skriv og meldingar.
- 018/13 Forvaltningsrevisjonsrapport – «Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Stryn kommune»
- 019/13: Orientering frå rådmannen om rekneskapen i Stryn kommune.
- 020/13: Budsjett for drift av kontrollutvalet 2014.
- 021/13: Oppfølgingsliste 3-2013 – Stryn.
- 022/13: Eventuelt.

Merknader :


Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste

UNDERSKRIFTER :

6783 Stryn



Rune Myklebust, leiar




Oddvar Bergset



Rasmus Guddal



Aud Jorunn Hool Egge



Vidar Øvrebø, sekr.

016/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 19.09.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	03.10.2013	016/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Det var ingen merknadar til innkalling og sakliste



017/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 19.09.2013.

Utvål	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	03.10.2013	017/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 10-13: E-post frå kontrollutvalet til Stryn kommune – «Budsjett prosessen Stryn kommune», datert 18. juni 2013.
- SM 11.13: Kommunestyrevedtak 054/13 «Godkjenning av årsmelding og rekneskap 2012», datert 27.06.2013.
- SM 12.13: Rundskriv frå kommunal og regionaldepartementet – «Rundskriv om iverksetjing av endringer i kommuneloven m.m. – egenkontroll mv.», datert 21.06.2013.
- SM 13-13: Brev frå Stryn kommune til kontrollutvalet v/Rune Myklebust – «Rutinar kring refusjonskrav til NAV frå kommunen. Orientering, datert 13.06.2013.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

018/13 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «VEDLIKEHALD AV KOMMUNALEIGEDOMSMASSE I STRYN KOMMUNE»

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 26.09.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	03.10.2013	018/13	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

Saksvedlegg.

Revisjonsrapport: «Vedlikehold av kommunal eigedomsmasse i Stryn kommune», datert september 2013

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- RSK001.
- Kontrollutvalssak 33/12 Forvaltningsrevisjonsrapport «Vedlikehold av kommunal eigedomsmasse i Stryn kommune».
- Kontrollutvalssak 04/13 Forvaltningsrevisjonsrapport «Vedlikehold av kommunal eigedomsmasse i Stryn kommune» - Tinging.
- Høyringsuttale frå rådmann blir utdelt i møtet.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Vi viser til revisjonsrapporten ” Vedlikehold av kommunal eigedomsmasse i Stryn kommune ”, datert september 2013.

- Sekretariatet legg fram saka utan tilråding i påvente av høyringsuttale frå rådmannen.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Vi viser til revisjonsrapporten ” Vedlikehold av kommunal eigedomsmasse i Stryn kommune”, datert 3. september 2013.

- Kommunen har eit godt system for identifisering av behov og utføring av vedlikehold.
- Administrasjonen innarbeider gjennom delrapporten for bygg og eigedomsavdelinga ståda i vedlikeholdet av bygningsmassen i Stryn kommune. Denne delrapporten vil vere grunnlag for kommunestyret sin vurdering av behovet for vedlikehold av bygningsmassen".

Saksutgreiing

FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «VEDLIKEHALD AV KOMMUNALEIGEDOMSMASSE I STRYN KOMMUNE»

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Handsaming av forvaltningsrevisjonsrapport «Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Stryn kommune», datert september 2013

Saksopplysningar:

Forvaltningsrevisjon er heimla i kommunelova § 77 pkt. 4 der det bl.a. står:

"Kontrollutvalget skal vidare påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon)."

Oppgåvene til kontrollutvalet i samband med forvaltningsrevisjon er vidare heimla i kapittel 5 i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

"Kap. 5. Kontrollutvalgets oppgaver ved forvaltningsrevisjon

§ 9. Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel.

Forvaltningsrevisjon kan utføres av andre enn den som er ansvarlig for revisjon av kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap eller et kommunalt eller fylkeskommunalt foretaks årsregnskap.

§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegeres til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.

§ 11. Rapporter om forvaltningsrevisjon

Med utgangspunkt i planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, skal kontrollutvalget avgi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvilke forvaltningsrevisjoner som er gjennomført og om resultatene av disse, jf. § 8 i forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner.

§ 12. Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporter

Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte."

- Kontrollutvalet handsama tinging av prosjektet i sak 032/12 23.11.2012«Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Stryn kommune».

Tinginga inneheldt følgjande problemstillingar

Tinginga inneheldt følgjande problemstillingar

- *I kva grad har Stryn kommune gode system for planmessig vedlikehald av eigedomsmassen?*

Rapport for forvaltningsrevisjonsprosjektet vart levert 23. september 2013 utan høyringsuttale.

Etter forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar § 8 skal administrasjonssjefen bli gjeven høve til å gje uttrykk for sitt syn på dei tilhøve som er omtalte i rapporten. Rapporten har vore førelagt administrasjonssjefen i dag den 23.09.2013, med oppmoding om at revisjonen skal ha høyringsuttalen i hende innan tysdag den 1. oktober 2013.

Kontrollutvalet si oppgåve er no å gje ei tilråding til kommunestyret om rapporten, jfr, forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §11.

Revisor og rådmann er innkalla til møtet. Det vil då vere høve til å få nærmare avklaring på evt. spørsmål.

Sekretariatet sine vurderingar:

Heimel for sekretariatet si handsaming av saka er § 20 2. ledd i forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar:

"§ 20. Sekretariat

2. ledd.

Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget er forsvarlig utredet og at utvalgets vedtak blir iverksatt. "

I rundskriv 02/06 frå KRD er det gjeve ei nærmare tolking av korleis denne paragrafen er å forstå. *"Rapporter som avgis av revisor på revisors selvstendige faglige ansvar vil kontrollutvalgets sekretariat ikke ha adgang eller mulighet til å overprøve. Også slike rapporter skal imidlertid gå via sekretariatet, men i slike saker vil sekretariatets saksforberedelse være en formalitet."*

Kontrollutvalet skal rapportere om sitt arbeid til kommunestyret.

019/13 ORIENTERING FRÅ RÅDMANN OM REKNESKAPEN I STRYN KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 20.09.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	03.09.2013	019/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- E-post frå kommunestyremedlem Rune Myklebust, den 20.09.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 012/13 "Årsreknekdpen 2012 - Stryn kommune"
- Fråsegn frå kontrollutvalet om årsreknekapen 2012 for Stryn kommune, datert 17.06.2013.
- Kontrollutvalsak 021/12 "Oppfølging kommunestyrevedtak 007/11 rekneskapar avslutta investeringsprosjekt - Økonomireglement Stryn kommune".

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Administrasjonssjefen si orientering vert teken til vitande.

-
- Rådmannen må omprioritere for å komme tidlegare i gang med avslutning rekneskapen i 2014.
 - Stryn har mange investeringsprosjet som skal avsluttast. Har vanskar med å sette sluttstrek for prosjekt.
 - Nokre prosjekt må avsluttast for å utløyse tilskotsmidlar. Disse prosjekta skal prioriterast, t.d. Breibandsprosjektet.
 - Arbeidet med nytt økonomireglement skal vere avslutta innan 2013.
 - Rådmannen vil ha som mål å utarbeide eigarskapsmelding for Stryn kommune innan gjeldande valperiode.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Administrasjonssjefen si orientering vert teken til vitande.

ORIENTERING FRÅ RÅDMANN OM REKNESKAPEN I STRYN KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Rådmann orienterer om prosessen rundt årsrekneskapen i Stryn kommune.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalssak 012/13 "Årsrekneskapen 2012 - Stryn kommune", den 17.06.2013 uttalte kontrollutvalet i "Fråsegn frå kontrollutvalet om årsreknekspen 2012 for stryn kommune" føgjande:

- Kontrollutvalet viser til revisjonsmeldinga datert 14.06.2013 som erstattar revisjonsmelding av 16.04.2013. Revisor har i revisjonsmeldinga merknad til at rekneskapen er avlagt for seint. Fristen for levering av rekneskapen er 15. februar og fristen for å skrive revisjonsmelding er 15. april. Kommunerevisjonen i Nordfjord har i samsvar med forskrifta den 16.04.2012 lagt fram revisjonsmelding der det går fram at årsrekneskapen ikkje er lagt fram til rett tid.

Kontrollutvalet meiner at arbeidet med rekneskapsavslutninga for komande år må planleggjast slik at Stryn kommune held desse fristane. Kontrollutvalet hadde tilsvarende merknad i si fråsegn til årsrekneskapen for 2010 og 2011. Kontrollutvalet vil ha tettare oppfølging på dette i samband med årsrekneskapen for 2013.

I e-post frå kommunestyremedlem Rune Myklebust til rådmennen (Vedlagt), den 20.09.2013 blir det også nemt nokre utfordringar rundt rekneskapen.

Med bakgrunn i ovannemde ber kontrollutvalet om ei orientering om status i arbeidet med prosessen rundt årsreknekskapen.

020/13 BUDSJETT FOR DRIFT AV KONTROLLUTVALET 2014

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM-sekretariat

Dato: 20.09.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	03.10.2013	020/13	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

Melding til:

Saksvedlegg.

- Spesifikasjon av forslag til budsjett.
- Godtgjersle til folkevalde – framlegg til justering av reglement og satsar frå 01.10.2011.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kommunelova.
- Reglement/vedtak for godtgjersle til folkevalde i Stryn kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett og artsspesifikasjon for "Drift av kontrollutval".

11600: Skyss- og diettgodtgjersle	Kr	3.000,-
108??: Godtgjersle folkevalde	Kr.	33.000,-
10990: Arbeidsgjevaravgift	Kr	3.500,-
11500: Opplæring/kurs/seminar	Kr.	10.000,-
11959: Kontingentar	Kr.	3.300,-
<u>Drift av kontrollutvalet</u>	<u>Kr.</u>	<u>52.800,-</u>

Budsjettet bør spesifiserast på eiga teneste.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

2. Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett og artsspesifikasjon for "Drift av kontrollutval".

11600: Skyss- og diettgodtgjersle	Kr	3.000,-
108??: Godtgjersle folkevalde	Kr.	33.000,-
10990: Arbeidsgjevaravgift	Kr	3.500,-
11500: Opplæring/kurs/seminar	Kr.	0,-
11959: Kontingentar	Kr.	3.300,-
<u>Drift av kontrollutvalet</u>	<u>Kr.</u>	<u>42.800,-</u>

Budsjettet bør spesifiserast på eiga teneste.

Saksutgreiing

BUDSJETT FOR DRIFT AV KONTROLLUTVALET 2014

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Budsjett for drift av kontrollutvalet i 2014.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §18, har kontrollutvalet ansvar for at det vert utarbeidd budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Eit forslag til budsjetttråme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Kontroll- og tilsynsorganet inneheld tre element, (heretter kalla prosjekt i samsvar med nemningane i kontoplanen); revisjon, sekretariat og drift av kontrollutvalet. Det er naturleg at budsjettet vert fordelt på desse tre prosjekta.

I posten "Drift av kontrollutvalet", høyrer følgjande kostnader naturleg inn:

Kostgodtgjersle

Køyregodtgjersle.

Tapt arbeidsforteneste

Møtegodtgjersle

Arbeidsgjevaravgift

Kurs/seminar

Kontingentar

Telefongodtgjersle

Andre utgifter

For kontrollutvalet i Stryn er satsar for godtgjersle vedteke i kommunestyresak 022/11 03.05.2011.

Satsane for dei ulike godtgjerslene/honorara er:

- Kost- og køyregodtgjersle etter statens regulativ
- Tapt arbeidsforteneste : Ulegitimert kr. 800,-.
- Møtegodtgjersle medlemmer kr 723,-
- Godtgjering til leiar i kontrollutvalet – 1,5% av ordførargodtgjering; kr 10.850,-
- Ordførar si godtgjering er frå 1. August 2013 723.600,-

Stryn kommune er med i interkommunale samarbeid når det gjeld revisjon og sekretariattenester gjennom høvesvis Kommunerevisjonen i Nordfjord og SEKOM-sekretariat. Begge desse selskapa er organiserte etter §27 i kommunelova, og begge selskapa har teke inn i vedtektene sine at det er styret i selskapet som vedtek budsjettet, og at budsjettet skal sendast til kommunane innan 1. november året før budsjettåret.

Sekretariatet sine vurderingar:

Budsjettforslaget blir lagt fram som følgje av krav om dette i lova.

Budsjetta for Kommunerevisjonen i Nordfjord og SEKOM-sekretariat vert vedtekne i dei respektive styra. Kontrollutvalet skal derfor ikkje leggje fram budsjett for desse.

Kontrollutvalet bør ha høve til å ta ut perioderapportar i løpet av året. Derfor er det viktig at budsjettpostane vert lagt inn i budsjettet til Stryn kommune slik at dette er mogeleg.

BUDSJETT KONTROLLUTVALET I STRYN 2014

Konto

11600 Køyregodtgjersle	3000	(5*4,05*150)	
10800 Tapt arbeidsforteneste	4000	(5*800*1,12)	(0*1700) feriepengar
10800 Møtegodtgjersle (leiar)	11000	1,5% av ordførargodtgjering	
10800 Møtegodtgjersle	18000	(5*5*723)	
10990 Arbeidsgjevaravgift	3500	10,6% av leiargodtgjersle og tapt arb.fort.	
11500 Kurs/seminar	0		
11959 Kontingent FKT	3300		
	0		
Drift	42800		

021/13 OPPFØLGINGSLISTE 3-2013 - STRYN

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 20.09.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	03.10.2013	021/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 3-2013 Stryn.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 3-2013 - Stryn vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Oppfølgingsliste 3-2013 - Stryn vert teken til vitande.

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 3-2013 - STRYN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følger ajourført oppfølgingsliste pr. 20.09.2013.

Lista vil bli oppdatert fortløypande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 2-2013 - Stryn.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Stryn kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

013/10 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	25.11.10		25.11.10 KU vedtak – - Det vert innført ordning med å kalle inn rådmannen for å få orientering om drifta på dei ulike områda i kommunen. - Det vert innført ordning med å leggje tertialrapportar fram for kontrollutvalet som skriv og melding. - Det vert innført ordning med å leggje tilsynsrapportar frå fylkesmannen og andre fram for kontrollutvalet som skriv og melding. - Kontrollutvalet ber Nordfjord kommunerevisjon om å leggje fram rapportar etter kvalitetskontrollar i høve til rekneskapsrevisjon og forvaltingsrevisjon i Stryn kommune fortlaupande. - Kontrollutvalet ber Nordfjord kommunerevisjon om å orientere om status i revisjonsarbeidet kring finansrevisjon ein til to gonger i året. Vidare vil kontrollutvalet be Nordfjord kommunerevisjon om ei generell orientering om revisjonsarbeidet.
019/11 Rapport forvaltningsrevisjon – Vurdering av rutinar og system for innkjøp av utstyr og inventar.	08.09.11		08.09.11 Tilråding til kst. 08.09.11 s/kst 20.09.11 Vedtak kst sak 046/11 Forvaltningsrevisjonsrapport – Vurdering av rutinar og system for innkjøp av utstyr og inventar i skulane i Stryn kommune. Vurdere om denne skal oppfølgjast i 2013
021/12 Oppfølging kommunestyrevedtak 007/11 rekneskapar avslutta investeringsprosjekt – Økonomireglement Stryn kommune	14.06.12		14.06.12 Vedtak KU Kontrollutvalet ber om at kommunestyret sitt vedtak i sak 007/11 vert gjennomført. 15.06.12 – Brev til kommunen.
031/12 Orientering frå rådmann om rutinar kring refusjonskrav til NAV frå kommunen.	23.11.12		23.11.12 Vedtak KU: Administrasjonen vil rapportere til KU i løpet av første halvår 2013 om kva utvikling ein får med uteståande krav på NAV.
033/12 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – drift og vedlikehald av kommunal eigedomsmasse – Tinging.	23.11.12		23.11.12 Vedtak KU: -Tingingsdokumentet med avgrensingar for forvaltningsrevisjonsprosjektet "Drift og vedlikehald av kommunal eigedomsmasse" vert godkjent. -Tingingsdokumentet vert sendt over til Kommunerevisjonen i Nordfjord for operasjonisering. 08.12.12 Tinging sendt til KIN
003/13 Orientering om budsjettprosessen – budsjett 2013.	23.01.13		23.01.13 Vedtak KU: - Kontrollutvalsleiar og sekretariat får i oppgåve å utarbeide eit notat om budsjettprosessen vedrørande tidsplan for prosessen og presentasjon av budsjettet. - Notatet vert lagt fram for rådmannen og ordførar. Kontrollutvalet kallar rådmannen og ordførar inn til neste møte i kontrollutvalet.
004/13	23.01.13		23.01.13 Vedtak KU:

Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Stryn kommune – Prosjektplan.			Prosjektplanen for forvaltningsrevisjonsprosjektet "Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Stryn." vert godkjent.
010/13 Godkjenning innkalling og sakliste.	17.06.13		- 17.06.13 Vedtak KU: Innkalling og sakliste vert godkjent.
011/13 Skriv og meldingar.	17.06.13		- 17.06.13 Vedtak KU: Skriv og meldingar vert tekne til vitande.
012/13 Årsrekneskapen 2012 – Stryn kommune.	17.06.13		17.06.13 Vedtak KU: Fråsegn til KS vedteken. 18.06.13 Fråsegn sendt til KS.
013/13 Kontrollutvalsleiar orienterer – Prosessen rundt budsjett 2012.	17.06.13		17.06.13 Vedtak KU: Kontrollutvalet sender skrivet "Budsjettprosess/budsjettmøte Stryn kommune" med oppmodingar om endringar i rutinar i samband med budsjettprosessen over til rådmannen. Skrivet vert også å sende til kommunestyret til orientering. 18.06.13 Skrivet « Budsjettprosess/budsjettmøte Stryn kommune» sendt til rådmann. Skrivet vart også sendt til kommunestyret til orientering.
014/13 Oppfølgingsliste 2-2013 Stryn.	17.06.13		17.06.13 Vedtak KU: Oppfølgingsliste 2-2013 - Stryn vert teken til vitande.
015/13 Eventuelt.	17.06.13		17.06.13 Vedtak KU: Kontrollutvalet ynskjer å gjennomføre prosjektet slik som planlagt. Det vart elles ikkje teke opp saker.
	17.06.13		

Oppdatert 21.08.2013.

022/13 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat
Dato: 20.09.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	03.10.2013	022/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Det vart ikkje teke opp saker.

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.